

STRYN

Menn barka saman

I Stryn vart ein mann i 20-åra påført skade i hovudet under ein slåstkamp laurdag natt. Mannen ville sjølv oppsøke lege, opplyser politiet i Sogn og Fjordane. Gjerningspersonen blir meldt.



VANYLVEN

Innbrot i restaurant

Natt til laurdag var det innbrot i kafeen og restauranten Kvilehytta på Åheim. Etter å ha brote seg inn gjennom ytterdøra på baksida, har innbrotstjuven eller -tjuvane også brote opp to dører inne i bygget.

- Dette må ha skjedd mellom midnatt og klokka 12 i dag, seier innehavar Linda Ekremsæter til smp.no.

Turistforeninga tilrår Rund

- Vekkjer reaksjonar frå lokalkjende som seier dei aldri hadde gått i verken storm

VÉR

Runde fyr er ein av plassane som ut.no tek fram som gode plassar å oppleve stormen.

«Aldri er det bedre å sitte inne, djupt begravd i sofaen med pledd, puter og en kopp kakao, som når uværet fra storhavet herjer utenfor. For den opplevelses-sugne er det bare å stikke kroppen ut av døra, så føler man seg mer levende enn man har gjort på aldri så lenge.» Slik skriv ein på ut.no som er ei nettside drive av NRK og Den norske turistforening (DNT).

- Det irriterer at nettopp DNT oppmodar til dette, seier ansvarshavande på Runde fyr, som er ei DNT-hytte, Oddbjørg Remøy. Ho meiner DNT ikkje i stor nok grad har fortalt om kor farleg det kan vere med storm.

Ho sjølv har dei siste ti åra gått snart tusen turar over fjellet til og frå Runde fyr.

- Men om eg er aldri så kjent, så hadde eg aldri gitt meg ut på å gå ut der i storm. Ikkje i stiv eller sterk kuling heller for den del.

Ho seier ein kan rett og slett blåse av fjellet. Og Remøy har sjølv vore med på at ho måtte legge seg på alle fire og krype.

- Men vaksne folk må vel få bestemme sjølve kvar dei går?

- Då må dei vite kva det er snakk om. Det er mykje kunnskapsløyse om vær og vind. Og at DNT oppfordrar til dette opplever eg som noko spesielt.

Når Sunnmørsposten ringer til Knut Asle Goksøy, turistvert i Goksøyra og fortel om DNT si tilråding, så er det så ein kan høyre gjennom telefonen kor han ristar på hovudet

- Det er så bort i staur og vegg.

Han fortel om mange som valfartar til fyret i dårleg vær. Seinast under «Hilde» møtte han folk som var på veg ut på fyret. Han advarte, men vart ikkje høyr.

Han fortel også at han har vore med på å bere ned eit vaksent menneske i godt hald som vinden hadde kasta av garde femten meter bortover.

- Og ho braut alt då ho landa. Den gongen bles det også slik at det måtte to til for å halde oppe den tredje som bar, for å halde opp mot vinden.

Arne Velsvik er siste fyrvaktaren på Runde fyr. Han har verkeleg opplevd storm på Runde fyr. Han var der då Arisan gjekk på. Han var der då stormen tok nausta. Og han var der då stor-



UTPOST: Kvalneset med Runde fyr ligg som ein knytneve ut i havet og ein merkar godt stormen sine krefter der ute. Men bør det vere ei tilrådd turistoppleving? ARKIVFOTO: STAALE WATTØ

DETTE ER SAKA

• I ein artikkel på NRK og Den norske turistforening (DNT) si side, www.ut.no, er Runde fyr tilrådd som ein av åtte stader i landet der det er flott å oppleve storm.

• Oddbjørg Remøy som er ansvarshavande for DNT-hytta Runde fyr reagerer på at DNT sentralt ikkje i tilstrekkeleg grad har advart mot farane ved slik stormturisme.



KJENT: - Om eg er aldri så kjent, hadde eg ikkje gått ut på fyret i storm, seier Oddbjørg Remøy.

- Det er så bort i staur og vegg

KNUT ASLE GOKSØYR

båra kasta ein 100 meter lang lekter langt opp på land.

- Det var eit frykteleg rabalder. Det var som dommedag.

Velsvik vil ikkje nekte folk å gå ut til fyret i storm, men seier folk må bruke fornuft.

- Dei må bruke vit. Det er ikkje for nybegynnarar.

- Er det slik at når stormen rasar og du sit lunt og godt i Velsvika, så lengtar du ut på fyret igjen?

- Nei.

Han fortel det kunne vere beinhardt og at dei hang i rekkverket.

- Er ein først komen innandørs, går det vel bra, men...

Og noko av det Oddbjørg Remøy strekar under er at ein ikkje kan vere innandørs heile tida. Mellom anna må ein gå mellom husa for å kome seg på do.

Både Arne Velsvik og Oddbjørg Remøy er opptekne av at ein må passe seg for bårene.

- Det er ikkje å anbefale nærkontakt med båra, seier Velsvik og fortel at det hende det var fullt av tare også rundt husa.

Hallgrim Rogn som skreiv artikkelen på ut.no seier dei ikkje har fått andre reaksjonar, men at dei no vil gå gjennom artikkelen om stormturisme og sjå om dei i tilstrekkeleg grad har bede folk ta omsyn og vere forsiktige.

- Men også på slike turar må folk ha kontroll, og eventuelt snu. Regelen om at «Det er inga skam å snu» gjeld også her.

Eit av dei andre storm-reisemåla ut.no tilrår er Skongenes fyr i Vågsøy. Kontaktperson Britt Småvik seier dei ikkje har reagert på oppmodinga om stormturisme til fyret fordi det ikkje er same utsette tilkomsten til Skongenes som til Runde fyr.

TORILL MYREN
torill.myren@smp.no

